

# Forarbeid

Inger Kristin Aamot  
Master arkitektur  
Vår/2016 NTNU



# Grindbygget

Ny samanheng







## ABSTRAKT

### *Innhald:*

Oppgåva grunnar i ei interesse for eldre byggeteknikk, bruk av tre som materiale, og eit ynskje om å forstå og bruke potensialet i grindbygg. Undervegs i prosessen har oppgåva utvikla seg til å verte ein diskusjon om korleis tradisjonsboren byggjekultur kan gjevast ein betydning i vår tid sin arkitektur. Mitt forslag er eit prosjekt som introduserar ein mogleg samanheng for grindkonstruksjonen i dag, i samspel med arkitektur, stad, kultur og folk.

### *Oppgåva:*

Del I: Å forstå grindbygget sine arkitektoniske kvalitetar og prinsipp. Dette vert gjort ved bruk av skriftlege kjelder, ei oppmåling av eit naust i grindkonstruksjon ved Dalsfjorden, samt samtale med lokale fagfolk.

Del II: Ein diskusjon om korleis tradisjonsboren byggjekultur kan gjevast betydning i vår tids arkitektur. Val av stad og program er ein del av diskusjonen. Stad er beskrive som vedlegg til forarbeidet.

### *Problemstilling:*

Korleis vidareføre arkitektonisk kvalitet frå ein eldre byggeteknikk - inn i vår tids industrielle tenkning.

I januar 2016 starta eg med diplomarbeidet, og eg starta med ei uvisse om kvar eg skulle ende i mai. Det var eit mål at oppgåva og problemstillinga skulle leggje tilrette for dette, og den er såleis open. Eg legg difor ved ei skildring av stad for prosjektet, då val av stad har vore ein del av prosessen og ikkje er teke med i forarbeidet.



# Vedlegg:

## *Val av stad for prosjekt: Dale i Sunnfjord*

Prosjektet befinn seg i tettstaden Dale, tilknytt Dalsfjorden i Sunnfjord, Sogn og Fjordane.

Dalsfjorden befinn seg innanfor det geografisk avgrensa området for grindbygg, eit belte som strekk seg langs kysten vår frå Rogaland til Møre og Romsdal. Langs dette fjordlandskapet er grindbygget ein del av ein tradisjonell byggjekultur i området, knytt til handverkstradisjon, klima og tilgjengelege ressursar. Byggeteknikken er gjerne nytta til ulike brukshus på garden, då i form av lør, naust, buer og uthus. Konstruksjonane ligg såleis oftare i dei meir rurale delane av fjorden idag.

I mi oppgåve ynskjer eg å diskutere grindbygget i ein meir tettbygd situasjon, og rettar prosjektet mot Dale. Dale er administrasjonssenter for kommunen Fjaler, og har idag omlag 1100 innbyggjarar. Tettstaden ligg der Dalselva munnar ut i Dalsfjorden og den første garden er her beskrive frå 1500-talet. Dale har sidan utvikla seg frå å vere gamal tingstad, eit gardssamfunn, til idag å vere eit kommunesenter med godt utvikla næringsliv og kulturtilbod. Det skal også nemnast at industri i form av tønneproduksjon og skofabrikk har vore ein viktig del tettstaden, og Dale var rekna for å vere ein betydningsfull industristad i fylket på tidleg 1900-talet. Mykje av sentrumsbebyggelsen er frå forrige århundre, med tyngde frå 50-talet fram mot 90-talet, og viser ei utvikling der den tradisjonelle byggjekulturen i mindre grad er teke med. Grindbygget som brukshus er og har vore ein del av kvardagen til folk i dette området, og eg ser det difor som interessant å diskutere korleis byggjekulturen kan få ein reintrodusert betydning gjennom å setje det i ein ny arkitektonisk samanheng, i tettstaden Dale.



# Grindbygget

Ny samanheng



*”Grindbygg utnytter lokalt trevirke  
og er et fleksibelt, flyttbart og  
materialeffektivt byggesystem egnet  
for både små og store volum”*

NAL 1

# Innhold

Oppgåva

Bakgrunn

Relevans

Problemstilling

Gjennomføring

Framdriftsplan

Kjelder



Stavløe i Os. Foto: Per Gjærder

## Oppgåva

Oppgåva vil vere å studere arkitektoniske kvalitetar i den eldre byggeteknikken grindbygg, og vidare utforske potensialet for bruk i arkitektur i dag.

Dette vil bli gjort ved å forstå grindbygget i si heilheit, men også ved å abstrahere byggeteknikken i enkelt delar, som konstruksjon, byggeprosess, romleg kvalitet, kledning, program -

Eg vil diskutere korleis ein kan vidareføre grindbygget, gjennom vidareutvikling og nytolking av det i ei prosjekteringsoppgåve.

Kan oppgåva gje innspel til korleis føre vidare handverkstradisjoner, utan å verte ein reproduksjon av det opprinnelege?





## Bakgrunn

Det er viktig å ta seg tida til å forstå det tidligare generasjonar har brukt 3500 år<sup>2</sup> på å utvikle. Sannsynet er der for at ein kan lære noko av betydning.

Ein måte å forstå denne kunnskapen idag, kan vere å sjå på den med nye auge då retta mot vidareutvikling.

Kan det vere at det ligg eit større potensial i byggeteknikken,

som endå ikkje er henta ut? Og er dette interessant i forhold til vidareføring av byggeteknikken?

Reint personleg ynskjer eg også å auke forståinga mi for bruk av tre i arkitektur. Dette trur eg kan oppnå ved å tilnærme meg grindbygg som byggeteknikk. Både konstruksjon, kledningar, og romlege kvalitet er interessant. Eg trur dette vil gjere meg til ein betre arkitekt.

Frå før har eg teke to særkurs ved arkitektutdanninga med fokus på bruk av tre og potensiala som ligg i å nytte materialet, og det er difor naturleg for meg å studere dette vidare i diplomarbeidet.

I det eine kurset prosjekterte og bygde vi ein sauna i massivtre og saktevoksende gran. Det å få jobbe 1:1, gav ei verdifull forståing for både utføring av detaljering og å forstå korleis


materialet fungerer i praksis. Dette ynskjer eg også å gjere i løpet av diplomarbeidet.

## Relevans

### KORTREIST

Byggeteknikken nyttegjer seg av kortreiste byggematerial, og kan utførast reint i trevirke. Grunnmur som regel i stein.



Bruk av tradisjonell kledning, som brake, torv, steinheller, er også eksempler på potensielt kortreiste material.



### FLEKSIBELT SYSTEM

Byggesystemet kan skape store og små rom, takast ned og setjast opp att.

Den stive konstruksjonen i topp gjev fleksibilitet i forhold til korleis byggesystemet møter terrenget.



Illustrasjonar: Schelderup, H. *Grindbygde hus i Vest-Norge*

## GJENBRUK

Sjølve grinda i bygge- tekniikken blir beskrive som gjenstand for gjenbruk. Heile grinder blir tatt ned, kanskje solgt, flytta, og satt opp att ein annan stad.

Denne tankegangen er aktuell i dag, i diskusjonen om å prosjektere for gjenbruk, samt eit tilsvar til bruk og kast samfunnet.

## TEKTONISK

Snittet av grindene er interessant, i forhold til sammenføyningar, romlege kvalitetar, og repetesjonar av grinder.

Kledning utført i torv, brake, stein, ris, er interessant i forhold til taktilitet og funksjon.

# Problemstilling

Korleis vidareføre arkitektonisk  
kvalitet frå ein eldre  
byggeteknikk - inn i vår tids  
industrielle tenkning?



# Gjennomføring

## DEL 1A: ANALYSE

1. Analyse av eksempel-samling ”Grindbygde hus i Vest-Norge”.

Å forstå grindbygget gjennom analyse, modellarbeid, romleg studie.

## DEL 1B:OPPMÅLING

2. Registrering/opptegning av grindbygg, Ytre Sogn.

Å forstå grindbygget gjennom tilstedeværelse.

Refleksjon over nyvunnen kunnskap: Kva har eg lært, og kva veg tek prosjektet vidare. Kva er spennande, kva er viktig, kva har fått større betydning?

Frist for å avgjere program og tomt, for del 3.



### DEL 3: PROSJEKTERING

Undersøkje arkitektoniske  
kvaliteter gjennom utforskande  
prosjektering.

Modellarbeid, tegning.

### DEL 4: GÅ I DYBDEN

Etter del 3 vil det vere aktuelt å  
gå i dybden. Kva er no viktig?

Er det aktuelt å teste delar av  
prosjektet i 1:1?

# Framdriftsplan

| 1      | 2                               | 3      | 4   | 5                     | 6  | 7      | 8      | 9        | 10     | 11                   |
|--------|---------------------------------|--------|---|-----------------------|--|--------|--------|----------|--------|----------------------|
| 04.jan | 11.jan                          | 18.jan | 25.jan  | 1.feb                 | 8.feb  | 15.feb | 22.feb | 29.feb   | 7.mars | 14.mars              |
|        | Trondheim                       |        | Ytre Sogn   |                       | Trondheim                                    |        |        |          |        |                      |
|        | DEL 1A: Kunnskap                |        |   |                       |  |        |        |          |        |                      |
|        | Analyse                         |        | DEL 1B: Oppmåling<br>grindbygg                              |                       |  |        |        |          |        |                      |
|        | Opplæring: oppmåling            |        | 25.jan få tildelt plass tegnesal                            |                       | DEL 2: Prosjektering - potensial utforskning |        |        | MID term |        |                      |
|        | Workshop: modell, tegning       |        | 26.jan starte oppmåling. Naust i Fjaler, v/Lillingstøheimen |                       |  |        |        |          |        | DEL 4:               |
|        | Workshop: idemyldring potensial |        |   |                       |  |        |        |          |        | Kva blir resultatet? |
|        |                                 |        |   | Oppsummer, reflekter, | Utforske, utprøve konstruksjon               |        |        |          |        | Kva er no viktig?    |
|        |                                 |        |   | Kva er spennande?     | Modell arbeid                                |        |        |          |        |                      |
|        |                                 |        |   | Kva er viktig?        | Teste romlige kvaliteteter                   |        |        |          |        |                      |
|        |                                 |        |   | Finn tomt?            |  |        |        |          |        |                      |
|        |                                 |        |   | Finn program?         |  |        |        |          |        |                      |



## Notar

<sup>1</sup> NAL, Grindbygg i Kulturkvartalet,  
2011/11/05  
<http://www.arkitektur.no/?nid=221429>

<sup>2</sup> Schelderup, H. og Storsletten, O. (red.) 1999. Grindbygde hus i Vest-Norge. Eksempelsamling. NIKU temahefte 034:1-127.  
*”Konstruksjonen har påfallende likheter med det arkeologer avdekker ved gravniner i tufter etter forhistoriske langhus. I enkelte løer på Vestlandet er det påvist grindverk frå mellomalderen. Samlet gjør dette at vi trolig står ovenfor en ubrutt byggetradisjon som har vart i mer enn 3500 år. Dette gjør grindverket interessant og viktig i nasjonal målestokk.” s 5.*

## Kjelder

*Beresystem i eldre norske hus*, av Godal, Moldal, Oalann, Sandbakken.

*Hus på vestkysten gjennom 4000 år*, av Schjelderup, H. og Brekke, N.G., med flere.

*Grindbygde hus i Vest-Norge, Eksempelsamling*. NIKU. av Schjelderup, H. og Storsletten.

*Arkitekturen og sanserne*, av Pallasmaa, J.

*Sammen i byen*, av Tjora, Henriksen, Fjærli, Grønning.

*Salvageability of building materials*, av Nordby, A.S.

*Kjeldene fortel*, av Magne Fagerheim, Fjaler Sogelag 1998.

*Dalsfjordboka : frå Gaularfjellet til Bulandet*, Losnegård, Gaute, 1999

*Kulturvandring i Dale*, Greta Hekneby, 1994

*Stig A Nordrumshaugen, handtverkar og restaureringsleier,  
Sogn og Fjordane Fylkeskommune*

*Ove Losnegård, handtverkar*

<http://www.nrk.no/sognogfjordane/det-stansa-pa-100-ar-med-sko-i-dale-1.7895251>

<https://www.fjaler.kommune.no>

<http://www.ssb.no/befolkning/statistikker/befteft/aar/2015-12-11?fane=tabell&sort=nummer&tabell=248688>



